



Indre Sogn Vassområde (ISVO)
Aurland kommune v/Bjørn Sture Rosenvold,
5745 Aurland

Vår ref
Tiltaksanalyse ISVO 2014

Dykkar ref

Sakshandsamar
Vidar Moen

Dato
15.01.2014

Høyringsuttæe; Lokal tiltaksanalyse, Indre Sogn Vassområde.

Vi har motatt høyringsutkast på Lokal tiltaksanalyse, Indre Sogn Vassområde.

Vi reagerar på at elvar som er utnytta til vasskraft (SMVF) på det næraste ikkje er nemnt i tiltaksanalysen og at desse elvane ikkje er med i kartleggingen av miljøproblem og påfølgande miljøforbetrande tiltaksplan.

Etter det vi har forstått skal også sterkt modifiserte vassforekomstar, som naturlege vassforekomstar, ha god kjemisk tilstand. Vassforekomsten skal dessutan ha minst *godt økologisk potensial*. Det er det ein kan få til når ein har gjort alle avbøtande tiltak utan at det har gått vesentlig ut over føremålet med atvassforekomsten er sterkt modifisert. Det er vel og ein av grunnane til at det vert laga planar som det utkastet til Sweco som ligg som vedlegg til «Lokal tiltaksanalyse, Indre Sogn Vassområde»

I forskrift: Forskrift om rammer for vannforvaltningen.

§ 5. (*miljømål for kunstige og sterkt modifiserte vannforekomster*)

Tilstanden i kunstige og sterkt modifiserte vannforekomster skal beskyttes mot forringelse og forbedres med sikte på at vannforekomstene skal ha minst godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand, i samsvar med klassifiseringen i vedlegg V.

ISVO avgrensar tiltaksplanane til dei områda som ligg innan kommunane sit juridiske ansvarsområde, gjennom lovheimel eller lokale forskrifter. Kommunane har ikkje mynde til og krevje tiltak ut over dei regelverka som dei forvaltar.

Å snevre tiltaksplan inn til kun å gjelde det som ligg innanfor kommunen sit juridiske ansvarsområde vil begrense mulegheiten til å belyse alle problem knytta til alle vassførekostar i dei ulike kommunane.

I Forurensingslova § 21 er avløpsvatn definert slik:

- *Sanitært avløpsvatn*
- *Industrielt avløpsvatn*
- *Overvatn*

Kommunane er i slike tilfeller forurensingsmyndigheit og kan kreve tiltak iht Forurensingslova og med det ha stor påverknad på blant anna utslepp fra industri.

Plan er for defensiv og ser ut til å ha gitt opp vassdrag som er i kategorien SMVF utan at det kjem fram kven det er. Det vil vere potensiale for mange vassdrag å betra både den kjemiske tilstanden og det økologiske potensiale om dei var satt opp med status og miljømål i tiltaksplan

Det må i tiltaksanalysen kome fram ein oversikt over alle vassførekostane i dei gjeldande kommunene uavhengig av kva kategori dei er i. Sette opp status og miljømål.

Det må vere ein oversikt over nye planlagde inngrep som kan påvirke vassmiljøet.



Har sett på Tiltaksanalyse Nordfjord som har god oversikt over status og miljømål for kvar kommune. Det kan sjå ut til at deira motto: SAMAN FOR REINARE VATN INORDFJORD skapar kraft og engasjement.

http://www2.fylkesmannen.no/Tiltaksanalyse_Nordfjord_13.01.2014_Owpmt.pdf.file

Tiltaksanalysen til Vassområde Ytre Sogn er bygd opp på same måte som Nordfjord også dei har plassert ansvaret der det høyrer heime når det gjeld utbygde vassdrag.

http://www.vannportalen.no/Tiltakstabell_VYS_vHFe6.docx.file

I begge desse tiltaksplanane er også dei regulerte vassdraga tatt med.

Hovedbudskapet

- **Alle vassførekomstar må med, uavhengig av tilstand.**
- **ISVO kan ikkje avgrense tiltaksplan til å kun gjelde områda som ligg innanfor kommunane sit juridiske ansvarsområde.**
- **Kvaliteten på tiltaksanalysane i dei ulike vassområda må vere lik.**

Når det gjeld elvar i Årdal som er nemnt i tiltaksanalysen så er kun Seimsdalselva nemnt av vassdrag i Årdal. Det kjem ikkje fram at også den er utbygd til vasskraft (Oppstart 2011).

Reknar med at rapporten «Karakterisering av vannforekomster i Årdalsvassdraget – Reginenr. 074 (Utlå/Tya)» (2004) utført på oppdrag fra NVE, er ein del av underlaget sidan den vedlagte rapporten til Rådgivande Biologar kun nemner Seimsdalselva i sin rapport «Vasskvalitet på 33 utvalde lokalitetar i 12 vassdrag i Indre Sogn Vassområde 2013»

I rapporten «Karakterisering av vannforekomster i Årdalsvassdraget er det lista opp kandidatar til SMFV. Desse kandidatane skal så vidare gjennom ein grundig vurdering for å bekrefte kva førekomstar som kan beholde SMVF kategorien, og med det få definert eit annen miljømål (maksimum økologisk potensial) enn dei andre naturlige vannforekomstane.

Vassdrag i Årdal er sterkt påverka av kraftutbygging og industri. Det finnes likevel mulegheit til å gjennomføra gode avbøtande tiltak som aukar det økologiske potensiale i vassdraga. Det må derfor synleggjerast med status og mål.

I vedlegg 2: Utkast til Miljøplan for Årdalselva i Øvre Årdal. Utarbeida av Sweco Norge AS. for Norsk Hydro 2012. er eit døme på tiltak som er svært positive men som og manglar ein del faktaopplysningar for å kunne verte ein god plan for heile vassdraget. Plan er enno ikkje godkjent av NVE.

For styret i ÅJFF

Vidar Moen

Leiar